

Flåm AS er ein av Noregs leiande reiselivsaktørar. Flåm er største reiselivsmål i Noreg utanom dei store byane. Flåm AS og tilknytte selskap driv reisemålsutvikling med globalt sal og distribusjonsapparat, hotell, pensjonat, kafé, restaurantar, Flåmsbana og fjordsightseeing samt kundesenter og andre destinasjonskritiske operasjonar. Samla omsetjing er om lag 300 millionar. Det er i dag 65 heilårstilsette og 200 sesongarbeidarar. Verksemda har god lønsemd og er i sterk vekst. Vi vil byggje våre konkurransefortrinn ved å skape innovasjon, produktivitetsutvikling og resultatfokus i tett samarbeid med strategiske partnerar.

### **Flåm Kundesenter – Sommersesongen 2017**

Me søker medarbeidarar innan sal- og booking, kundebehandling, kai- og bussvertar for sommarsesongen 2017 (april-oktober). Me søker etter blide og serviceinnstilte medarbeidarar med kundetekke og salstalent. Du må like å arbeide i eit hektisk miljø, vera strukturert, kunne arbeide sjølvstendig og trivast i direkte kontakt med kundar. Gode språkkunnskapar er ein fordel.

Arbeidsoppgåvene vil blant anna være:

- Kundebehandler Booking:  
Sal av turar (t.d. charter, dagsprogram, til grupper og individuelle reisande) og kundebehandling, gjennomføring av booking og informasjonsdeling per telefon, e-post og chat. Oppfølging av førespurnader frå kundar.
- Kundebehandler Tursal:  
Sal av turar og kundebehandling, service og informasjonsdeling over disk, samt over telefon, chat og e-post om naudsynt.
- Kaiverter og Bussverter:  
Informasjon, billettering og vertskap ved kai og busstopp før og under avgang. Assistanse og kundeservice mellom avgangar.

Vi har behov for fleire medarbeidarar i løpet av perioden april-oktober. Ver venleg å informer om når i denne perioden du kan jobbe, samt kva stilling du søker på.

Ynskjer du ytterlegare opplysningar om stillingane i bookingavdelinga, ta kontakt med Lisa Stentvedt på telefon 57 63 14 00. Skriftleg søknad med CV vert å sende innan 08.01.17 til [lisa.stentvedt@visitflam.com](mailto:lisa.stentvedt@visitflam.com)

Ynskjer du ytterlegare opplysningar om stillingane innen tursal og vertskap, ta kontakt med Erica Edmundson på telefon 57 63 14 00. Skriftleg søknad med CV vert å sende innan 08.01.17 til [erica.edmundson@visitflam.com](mailto:erica.edmundson@visitflam.com)